



ØRSTA KOMMUNE
Landbrukskontoret

Det Kongelige Landbruks- og Matdepartement

Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2008100216 - 73	Doknr.:
Mottatt: 28 APR 2008	
Saksbeh.: ASR/SEP/IAA	Ark.: 479
Kopli:	Avskr.:

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2008/402	5492/2008	KLOKK	V00	25.04.2008

MELDING OM VEDTAK

SAK 26/08: HØYRING - ENDRING I ODELSLOVA, KONSESJONSLOVA OG JORDLOVA - BESTEMMELSER OM BU- OG DRIVEPLIKT MM.

Saksprotokoll i Utviklingsutvalet - 17.04.2008

VEDTAK:

Utviklingsutvalet (UU) syner til høyringsnotatet om endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova samt til saksutgreiinga nedanfor og har følgjande merknad:

UU ser positivt på endringa om at det ikkje lenger skal vere høve til å søkje fritak frå buplikta og ei tilsvarende flytting av heimelsgrunnlaget til konsesjonslova og for driveplikta til jordlova.

UU meiner at arealgrensene for konsesjonsplikt for bebygd eigedom, som i dag er 100 da totalt areal, bør kunne hevast. Generelt sett er det mange bruk i kommunen som har under 25 da dyrka mark, men over 100 da totalt areal. Totalarealet er i stor mon uproduktiv utmark og for landbruksnæringa sin del vil ein tru at ei heving av totalt areal, t.d. til 150 da, ikkje vil ha nemnande konsekvensar.

UU vil rå til at det vert utarbeidd eit enklare og meir presist regelverk for prisvurdering i konsesjonssaker, for på den måten få meir fastlagde kriterier i å kunne avgjere kva som er innanfor ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling.

Ut over dette er UU samd i forslag til endringar som høyringsnotatet legg opp til og dei tilpassingar som er tenkt gjennomførte.

Handsaminga (9 røysteføre)

Landbrukssjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

TILRÅDING:

Utviklingsutvalet (UU) syner til høyringsnotatet om endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova samt til saksutgreiinga nedanfor og har følgjande merknad:

UU ser positivt på endringa om at det ikkje lenger skal vere høve til å søkje fritak frå buplikta og ei tilsvarande flytting av heimelsgrunnlaget til konsesjonslova og for driveplikta til jordlova.

UU meiner at arealgrensene for konsesjonsplikt for bebygd eigedom, som i dag er 100 da totalt areal, bør kunne hevast. Generelt sett er det mange bruk i kommunen som har under 25 da dyrka mark, men over 100 da totalt areal. Totalarealet er i stor mon uproduktiv utmark og for landbruksnæringa sin del vil ein tru at ei heving av totalt areal, t.d. til 150 da, ikkje vil ha nemnande konsekvensar.

UU vil rå til at det vert utarbeidd eit enklare og meir presist regelverk for prisvurdering i konsesjonssaker, for på den måten få meir fastlagde kriterier i å kunne avgjere kva som er innanfor ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling.

Ut over dette er UU samd i forslag til endringar som høyringsnotatet legg opp til og dei tilpassingar som er tenkt gjennomførte.

Rett utskrift, 25.04.08



Åshild Steinnes
førstesekretær



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Olav Klokk

Arkivsak: 2008/402

Løpenr.: 4032/2008

Utvalsaksnr.	Utval	Møtedato
26/08	Utviklingsutvalet	17.04.2008

Saka gjeld: **HØYRING - ENDRING I ODELSLOVA, KONSESJONSLOVA OG JORDLOVA - BESTEMMELSER OM BU- OG DRIVEPLIKT M.M.**

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Utviklingsutvalet (UU) syner til høyringsnotatet om endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova samt til saksutgreiinga nedanfor og har følgjande merknad:

UU ser positivt på endringa om at det ikkje lenger skal vere høve til å søkje fritak frå buplikta og ei tilsvarande flytting av heimelsgrunnlaget til konsesjonslova og for driveplikta til jordlova.

UU meiner at arealgrensene for konsesjonsplikt for bebyggd eigedom, som i dag er 100 da totalt areal, bør kunne hevast. Generelt sett er det mange bruk i kommunen som har under 25 da dyrka mark, men over 100 da totalt areal. Totalarealet er i stor mon utproduktiv utmark og for landbruksnæringa sin del vil ein tru at ei heving av totalt areal, t.d. til 150 da, ikkje vil ha nemnande konsekvensar.

UU vil rå til at det vert utarbeidd eit enklare og meir presist regelverk for prisvurdering i konsesjonssaker, for på den måten få meir fastlagde kriterier i å kunne avgjere kva som er innanfor ei samfunnsmessig forsvareleg prisutvikling.

Ut over dette er UU samd i forslag til endringar som høyringsnotatet legg opp til og dei tilpassingar som er tenkt gjennomførte.

Vedlegg:

1. Brev frå Det Kongelige Landbruks- og matdepartementet, d.s. 05.02.08
2. Høyringsnotat – innhald
3. Innleiande oversikt

Uprenta saksvedlegg:

1. Høyringsnotat – Endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova, d.s. 05.02.08

Saksopplysningar:

I høyringsbrevet frå landbruks- og matdepartementet er det sagt følgjande:

Forslag til endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven er lagt ut på

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/dok/Horinger.html?id=1994>

*Landbruks- og matdepartementet ber om høringsuttalelser **innen 5. mai 2008**. Uttalelser sendes Landbruks- og matdepartementet, postboks 8007 Dep, 0030 Oslo, eller på postmottaket@lmd.dep.no.*

Forslagene tar sikte på å oppnå større forutberegnelighet, bedre målretting og forenklinger. De fleste forslagene gjelder bestemmelsene om bo- og driveplikt, men det foreslås også endringer i konsesjonsplikts og odelsrettens omfang og i reglene om forhold som er av betydning for om konsesjon skal gis.

Landbruks- og matdepartementet foreslår:

- *At bestemmelsene om boplikt etter odelsloven i hovedsak flyttes til konsesjonsloven, og at bestemmelsene om driveplikt etter konsesjonsloven og odelsloven flyttes til jordloven.*
- *At boplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eiendom over 25 dekar dyrka mark, eller over 350 dekar produktiv skog.*
- *At konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eiendom over 25 dekar dyrka mark. Arealgrensen på 100 dekar totalareal beholdes som i dag.*
- *At kravet til odlingsjord blir 25 dekar dyrka mark eller 350 dekar produktiv skog.*
- *At det blir et spørsmål om arealgrenser når det skal tas stilling til om det oppstår boplikt eller om det dreier seg om odlingsjord. Det vil si at det verken etter konsesjonsloven eller odelsloven skal foretas en konkret vurdering av om eiendommen er en "jord- og skogbrukseiendom" eller "kan nyttast til landbruksdrift".*
- *At den som ikke vil eller kan oppfylle boplikten må søke konsesjon, dvs. at adgangen til å søke fritak fra boplikt faller bort, og at det gis nærmere regler for konsesjonsvurderingen i disse tilfellene.*
- *At det gis nærmere regler for vurderingen av om det skal stilles vilkår om boplikt ved konsesjon.*
- *At boplikten bare kan oppfylles ved at eieren registreres i folkeregisteret som bosatt på eiendommen.*
- *At driveplikten skal gjelde jordbruksareal som kan drives lønnsomt, uavhengig av om det har skjedd en overdragelse, og være varig.*
- *At slektskapsunntaket kan oppheves der kommunen har innført forskrift om nedsatt konsesjonsgrense.*

Departementet ber også om synspunkter på:

- om det bør innføres boplikt i kommunen ved erverv av utmarkseiendom.

Ut over dette inneholder høringsnotatet forslag til endringer i forskriftsverket, bl.a. innføring av krav til kommunens saksforberedelse ved prisvurdering etter konsesjonsloven, og en tilpassing av konsesjonslovens forskrifter til ny Finnmarkslov.

Vurdering og konklusjon:

Siktemålet med endringane er å oppnå eit enklare og meir målretta regelverk, - spesielt på saksområde bu- og driveplikt.

Ein ser positivt på endringa om at det ikkje lenger skal vere høve til å søkje fritak frå buplikt og tilsvarande ei flytting av heimelsgrunnet til konsesjonslova og for driveplikta til jordlova.

For kommunane vil det heilt klart vere til "alles beste" å sløyfe dei skjønsmessige kriteria i vurdering av odlingsjord og at desse vert erstatta av reine arealgrenser. Dette meiner ein har vore konfliktfylte og negative sider ved odelslova, både i forvaltninga og mellom eigar og tredje person. Det er også svært viktig "for den gode orden skuld" å samordne arealgrensene og gjere regelverket lettare å forstå for "folk flest" og samstundes få til ei meir effektiv forvaltning.

Ein er samd i framlegget om at odlingsjord skal forankrast i fulldyrka og overflatedyrka jord og at arealgrensa vert heva til 25 da og 350 da produktiv skog.

Arealgrensene for konsesjonsplikt for bebygd eigedom er 100 da totalt areal. I Ørsta kommune er det mange eigedomar under 25 da dyrka mark, men med meir enn 100 da totalt areal. Dette har med at det er store utmarksområde i kommunen og mykje av denne utmarka er anna areal (fjell og anna fastmark). For landbruksnæringa vil ein tru at ei heving av konsesjonsgrensa sitt totalareal ikkje vil medføre nemnande konsekvensar. Når bruket er under 25 da dyrka areal (fulldyrka og overflatedyrka) bør det vurderast om totalt areal bør hevast til t.d. 150 da. Dette fordi dei små eigedomane i stor grad har sin del av denne uproduktive utmarka og generelt sett er andelen produktiv skog låg på dei små eigedomane. For Ørsta kommune sin del vil ein derfor rå til at ein vurderer ei heving av totalt areal for konsesjonsplikt.

I konsesjonslova bør prisvurderinga når det gjeld "ein samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling" gjerast ut frå enklare og meir fastlagde kriterier. Prissettinga i konsesjonssaker er i dag hardt "pressa" og det er ofte svært vanskeleg å avslå/sette vilkår på grunnlag av pris i handsaminga av søknad om konsesjon.

Ut over dette er ein samd i forslag til endringar som høringsnotatet legg opp til og dei tilpassingar som er tenkt gjennomførte.

Ørsta, 31.03.2008


Olav Klokk
Landbrukssjef